

# Møteinkalling

---

**Utval:** Nærøyfjorden verneområdestyre

**Møtestad:** Skype

**Dato:** 08.02.2021

**Tidspunkt:** 10:00 – 12.00

---

Møtet vert gjennomført digitalt som eit skypemøte på grunn av koronasituasjonen.

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. 97567934 eller e-post:  
[joval@statsforvalteren.no](mailto:joval@statsforvalteren.no)

Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

## Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 1/21	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 2/21	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 3/21	- Orienterings- drøftings- og referatsaker		
RS 1/21	Delegering av forvaltningsmyndighet for Geitanosi naturreservat i Aurland kommune	2020/18401	
RS 2/21	Delegering av myndighet etter naturmangfoldloven til statsforvalterne og nasjonalpark- og verneområdestyrer	2020/17622	
RS 3/21	Fagleg vurdering av mulige nye nasjonalparkområder	2021/1569	
RS 4/21	Oppfølging av hogst og skjøtsel av kulturminne i Stalheimskleiva - Nærøyfjorden landskapsvernområde	2020/16261	
RS 5/21	Invitasjon til deltaking - Prosjekt: Genressursbevaring i Aurland	2021/1569	
RS 6/21	Nærøyfjorden verneområdestyre - uttale - planprogram for samfunnssdelen av kommuneplan for Aurland kommune 2021-2023	2021/747	
RS 7/21	Nærøyfjorden verneområdestyre - uttale - sti og løypeplan Aurland kommune	2021/747	
ST 4/21	Delegerte saker		
DS 1/21	Delegert vedtak - utvida løyve - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Hjølmo - motorferdsel - sikring mot mus - Bjørg Ohnstad	2020/17058	
DS 2/21	Delegert sak - Nærøyfjorden verneområdestyre - Øvste Stigen - motorferdsel - helikopter	2020/3927	
ST 5/21	Nærøyfjorden verneområdestyre - kvilebenkar på Sti - Underdal grendalag	2021/706	
ST 6/21	Nordheimsdalen naturreservat - ny hengebru - Aurland fjellstyre	2021/1698	
ST 7/21	Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - landbruksveg Drægo - Hjølmo bru - motorferdsel	2021/1073	
ST 8/21	Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - landbruksveg Drægo - Hjølmo bru - motorferdsel	2020/17167	
ST 9/21	Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - landbruksveg Drægo - Hjølmo bru - motorferdsel	2021/1044	

ST 10/21	Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - landbruksveg Drægo - Hjølmo bru - motorferdsel	2021/1186
ST 11/21	Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - landbruksveg Drægo - Hjølmo bru - motorferdsel	2021/1242
ST 12/21	Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - landbruksveg Drægo - Hjølmo bru - motorferdsel	2020/17954
ST 13/21	Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - landbruksveg Drægo - Hjølmo bru - motorferdsel	2021/1077
ST 14/21	Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - landbruksveg Drægo - Hjølmo bru - motorferdsel	2021/1938
ST 15/21	Nærøyfjorden verneområdestyre - prioritering av tiltak og bruk av tiltaksmidler 2021	2020/17395
ST 16/21	Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Bakkavegen - Fetagata - Massedeponi - Vestland fylkeskommune	2021/2141

**ST 1/21 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

**ST 2/21 Val av styremedlem til å skrive under protokollen**

**ST 3/21 Orienterings- drøftings- og referatsaker**

**RS 1/21 Delegering av forvaltningsmyndighet for Geitanosi naturreservat i Aurland kommune**

**RS 2/21 Delegering av myndighet etter naturmangfoldloven til statsforvalterne og nasjonalpark- og verneområdestyrer**

**RS 3/21 Fagleg vurdering av mulige nye nasjonalparkområder**

**RS 4/21 Oppfylging av hogst og skjøtsel av kulturminne i Stalheimskleiva - Nærøyfjorden landskapsvernområde**

**RS 5/21 Invitasjon til deltaking - Prosjekt: Genressursbevaring i Aurland**

**RS 6/21 Nærøyfjorden verneområdestyre - uttale - planprogram for samfunnssdelen av kommuneplan for Aurland kommune 2021-2023**

**RS 7/21 Nærøyfjorden verneområdestyre - uttale - sti og løypeplan Aurland kommune**

**ST 4/21 Delegerete saker**

**DS 1/21 Delegert vedtak - utvida løyve - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Hjølmo - motorferdsel - sikring mot mus - Bjørg**

**Ohnstad**

**DS 2/21 Delegert sak - Nærøyfjorden verneområdestyre - Øvste Stigen -  
motorferdsel - helikopter**



Arkivsaksnr: 2021/706-0

Sakshandsamar: Jorunn Vallestad

Dato: 14.01.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	5/21	08.02.2021

## Nærøyfjorden verneområdestyre - kvilebenkar på sti - Underdal grendalag

### Innstilling frå forvaltar

Underlag grendalag får løyve til å setje opp 4 benkar i Undredalen. To benkar langs stien til Hovdungo, ein ved Kristenhaug og ein ved Morkhamar, og to på gamlevegen til Langhuso, ein ved Djupsåna og ein ved Breidskreda.

Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ, og gjeld med følgjande vilkår:

- Benkane skal bestå av ei enkel benkeplate utan rygg.
- Benkeplata skal helst bestå av utskore al-materiale, alternativt av impregnerte bord.
- Benkane skal festast i steinar med eit armeringsjern som er sveist på ei metallplate. Plata skal festast i treverket og armeringsjernet festast i steinen.
- Benkane skal plasserast som vist på kart.
- Underdal grendalag har ansvar for vedlikehald av benkane.
- Det skal sendast rapport med biletar når benkane er satt opp.

### Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Underdal grendalag sendt 11.01.2021

Søknaden vert vurdert etter:


- Forskrift for Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden, rapport nr. 1 - 2008
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009

Underdal grendalag søker om å få setje opp 4 benkar i Undredalen. To benkar langs stien til Hovdungo, ein ved Kristenhaug og ein ved Morkhamar, og to på gamlevegen til Langhuso,



## Nærøyfjorden verneområdestyre


ein ved Djupsåna og ein ved Breidskreda. Alle benkane blir like, med enkel benkeplate utan rygg. Benkeplata blir enten av utskoret al-materiale eller impregnerte bord. Benken står på to steinar og blir festa i desse med eit armeringsjern som er sveist på ei metallplate. Plata festast i treverket og armeringsjernet festast i steinen. Det er innhenta løyve frå grunneigarar og grunneigarlag.



Figur 1: Plassering av benkar langs gamlevegen.



## Nærøyfjorden verneområdestyre



Figur 2: Plassering av benkar langs stien til Hovdungo.



Figur 3. Type benk som er planlagt satt opp.

## Lovgrunnlaget

Formålet i Nærøyfjorden landskapsvernområde er definert i verneforskrifta § 2: «Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakker og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante-



---

*og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter».*

Området er verna mot alle inngrep eller tiltak som kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter. Oppføring av benkar er ikkje omtalt i dispensasjonsreglane i verneforskrifta, og må derfor vurderast etter naturmangfaldlova § 48, første ledd, første alternativ; «*Forvaltingsmyndigheten kan gjøre inntak frå et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig».*

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Vurdering

Oppsett av benkar langs to mykje brukte turstiar vil vere positivt for både fastbuande og besøkande til Undredal. Stiane er gamle ferdsselsvegar. Store deler av stiane ligg i Nærøyfjorden landskapsvernombordet. Benkane som er planlagt skal setjast opp i verneområdet. Begge stiane er omtala i besøksstrategien som stiar som er lite sårbar for ferdsel, og som skal vere tilrettelagt for enkelt friluftsliv.

Det vil vere eit lite inngrep å feste benkane i stein, og det er ikkje registrert trua artar eller naturtypar i området som kan ta skade av tiltaket. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt for å vurdera denne saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje vektlagt i saka. Påverknaden på landskapet vil vere liten. Det er likevel viktig å vurdera den samla belastninga på naturmiljøet (jf. nml. § 10) av slike små tiltak for å hindra ein uheldig praksis i verneområdet, og som på sikt kan påverka landskapet.

Benkane er eit tiltak som vil komme allmenta til gode, og som er plassert langs stiar som skal vere tilrettelagt for enkelt friluftsliv. Dei vil gjere det meir attraktivt å bruke stiane, spesielt for folk som er därleg til beins eller i därleg form, og er dermed eit godt tiltak for folkehelsa. Benkane vil kunne vere med å redusere belastninga på naturen langs resten av stien, ved at rasting blir konsentrert ved benkane. Det er snakk om enkle benkar som ikkje vil verke dominerande i landskapet, og den samla belastninga av tiltaket er vurdert som liten. Benkane og festeanordninga som er valt er vurdert som miljøforsvarleg til dette føremålet jf. nml. § 12. Tiltaket vil lite truleg føre til miljøforringing og nml. § 11 er difor ikkje vurdert i denne saka.

Med dei vurderingane som er lagt til grunn i denne saka, meinar forvaltar at oppsetting av benkar langs dei to stiane vil vere positivt for opplevinga av verneområdet, utan å påføre nemneverdig skade på natur eller landskap. Tiltaket er vurdert til ikkje å vera i strid med verneføremålet, og ikkje føre til skade på verneverdiene, og det kan dermed gjevast løyve til tiltaket etter naturmangfaldlova § 48.



Arkivsaksnr: 2021/1698-0

Sakshandsamar: Jorunn Vallestad

Dato: 26.01.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	6/21	08.02.2021

## **Nordheimsdalen naturreservat - ny hengebru - Aurland fjellstyre**

### **Innstilling frå forvaltar**

Aurland fjellstyre får løyve til å sette opp ei hengebru over elva ved hytta ved Sagi. Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nordheimsdalen naturreservat og naturmangfaldlova § 48 første ledd og første alternativ.

Løyve gjeld med følgjande vilkår:

- Brua skal plasserast som vist på bilde 2.
- Brua skal konstruerast av wirer med strekkfiskar til å legge farved på.
- Brua skal sklisikrast med eit sklisikkert materiale oppå farveden (t.d. netting) og ein ca 10 cm høg sklikant langs sidene. Det skal vere to wirer å halde seg i når ein går.
- Brua skal byggast opp med ein bom på nordsida av elva for å komme mest mogleg i vater, og det skal byggast enkle trappetrinn i tre på kvar side for å lette tilkomsten til bruha.
- Aurland fjellstyre har ansvar for vedlikehald av bruha, og å jamleg sjekke at den er trygg å ferdast på.
- Den gamle bruha skal fjernast.
- Det skal sendast rapport med bilde til sekretariatet for verneområdestyret når arbeidet er utført.
- Ved eventuelle endringar i planane, skal dette avklarast med verneområdeforvaltar før tiltaket vert igangsett.

Vi gjer merksam på at løyvet berre gjeld etter verneforskrifta. Søkjar må ta kontakt med kommunen for naudsynt løyve etter plan- og bygningslova.

Tiltakshavar har plikt til å vise varsemd og til straks å melde frå til Vestland fylkeskommune ved kulturavdelinga dersom det under arbeid vert støytt på automatisk freda kulturminne jf. lov om kulturminne § 8, 2. ledd. Verneområdestyret anbefalar å ta kontakt med



fylkeskommunen i forkant av bygginga for å avklare plasseringa av bruа i forhold til gamle kulturminne.

## Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad om flytting og endring av brukonstruksjon ved Sagi, Nordheimsdalen naturreservat, Aurland kommune, datert 22.01.2021.

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om freding av Norheimsdalen naturreservat av 17. desember 1999
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden, rapport nr. 1 - 2008

Nordheimsdalen er eit naturreservat som er verna på grunn av den gamle furuskogen med urskogspreng. Området har eit rikt biologisk mangfald, og er eit viktig leveområde for hjort og elg. Det er kulturminne frå tømmerdrift i Nordheimsdalen, og Aurland fjellstyre drifter to hytter. Nordheimsdalen naturreservat er ein statsallmenning eigd av Statskog SF. Aurland allmenningsstyre forvaltar skogen i området, og Aurland Fjellstyre forvaltar jakt- og beiterettane.

Frå gamalt av var det bru over elva nede ved fjorden, som vart nytta i samband med tømmerhogst i Nordheimsdalen. Tømmerhoggarane sov i tømmerkoia på nordsida av elva, medan stien opp dalen går på sørsida av elva. På denne sida er det bygt kai. Denne bruа vart bygd opp igjen i 2014, men vart øydelagd av flaum våren 2020.





Bilde 1. Dagens bru etter flaumen.

Fleire store steinar har flytta på seg, og det vil vere vanskeleg å bygge opp igjen brua på same plass. Sidan det er mykje Stein i rørsle i elvefaret, og flaumane sannsynlegvis berre blir større i åra framover, søker Aurland fjellstyre om å få sette opp ei hengebru ca 20-30 meter lenger nede mot fjorden. Der er det fast fjell å forankra i på begge sider, og brua kjem høgt nok til å unngå flaumproblem. Brua vil bli omtrent dobbel så lang som eksisterande bru, ca 17 meter bruspenn. Sjølve konstruksjonen av hengebrua vil bli med 3 wirar med strekkfiskar til å leggja farveden på. Det vil leggast sklisikkert materiale oppå farveden, festast ein høg sklikant på sidene og vera to wirar til å støtta seg på når ein går.



Bilde 2. Planlagt plassering av ny bru

På sørsida vil brufeste komme 3-4 meter ovanfor dei gamle murane etter saga, på nordsida vil det vere nesten på same nivået som hytta ved Sagi. På nordsida av bruva vil det vera trond for å byggja opp bruva med ein bom for å få bruva mest mogleg i vater. Så må det lagast nokre enkle trappetrinn i tre på begge sider for å koma til når ein skal kryssa bruva.

## Lovgrunnlaget

Føremålet med freding av Nordheimsdalen naturreservat, punkt III:

*Formålet med fredinga er å sikre eit skogområde med alt naturleg plante- og dyreliv. Av spesielle kvalitetar kan nemnast at området utgjer eit intakt nedbørssfelt med ein skoggradient frå fjøre til fjell, og som har eit uvanleg stort mangfold av ulike furuskogstypar som høyrer heime i dei indre fjordstroka, til dels med eit urskogspreg som truleg er det sterkeste ein finn på Vestlandet.*

Verneforskrifta kap. VI punkt 2 og 6 gjev opning for at forvaltninga kan gje løyve til:



2. Merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stiar, løyper og gamle ferdsselsvegar.

6. Istandsetting og vedlikehald av eksisterande tømmerheis, veganlegg, kai og andre kulturminne i samråd med fylkeskulturetaten og forvalningsstyresmakta.

Sidan dette er bygging av ei heilt ny bru av ein type som ikkje har vore i området før, plassert 20-30 meter frå der den gamle brua ligg, vurderer forvaltar at saka må handsamast etter naturmangfaldlova § 48.

Forvaltninga kan i særskilte høve vurdera om det er heimel til tiltak etter naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ som seier at «*Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig.*

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Vurdering

Det er naudsynt med bru over elva for å komme seg mellom hytta på den eine sida av elva og kaia og stien oppover dalen på andre sidan av elva. Hytta ved Sagi er ei enkel tømmerkoie ved fjorden. Hytta blir i dag nytta av fjellstyret, jegerar og padlarar på fjorden. Det er tidlegare gjeve løyve til restaurering av tømmerkoia og å sette opp utedo. Det er vanskeleg å gå i land på den sida av elva som tømmerkoia ligg. Kaia er den enklaste og beste plassen å gå i land for folk som kjem med båt og kajakk. Dersom folk kjem gåande ned dalen er dei avhengig av bru eller båt for å komme seg til hytta. Oppsett av ny bru er derfor eit viktig tiltak for å gjera tømmerkoia tilgjengeleg for folk som ferdast i området.

Ny bru vil erstatte gamal bru, og vil ikkje føre til større ferdsel eller belastning på naturmangfaldet, jf. nml. § 10. Sjølve vasstrenget vil ikkje bli påverka av bruha, som vil festast i fjell på kvar side av elva. Det er ikkje registrert trua artar eller naturtypar i området der den nye bruha er tenkt bygd. (Naturbase 26.01.2021). Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt for å vurdere saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje vektlagt i saka. Tiltaket vil lite truleg føre til skade på naturverdiane, og nml. § 11 er difor vurdert som lite aktuell for denne saka.

Ny plassering av bruha er hensiktsmessig med tanke på auka flaumfare i elva. Det ville også vore vanskeleg å bygd ny bru der den gamle ligg på grunn av mykje lause steinar. Det bør avklarast med kulturminnemyndighetene at ny plassering ikkje kjem i konflikt med dei gamle murane etter saga på sørsida av elva.

Uansett plassering ville ei ny bru fått eit mykje større bruspenn, og det ville vore vanskeleg å bruke same enkle konstruksjon som dagens bru. Ei hengebru er ein lett og høvesvis enkel konstruksjon. Utforminga vil bli spinklare enn om ein hadde bygd ei fast bru. Sjølv om hengebrua er plassert lenger ned mot fjorden, vil den sannsynlegvis ikkje bli noko særleg meir synleg og dominerande i landskapet enn dagens brutype. Totalt sett vurderer forvaltar at brutype og plassering er den beste, jf. nml. § 12.



## Nærøyfjorden verneområdestyre

---

Bygging av ny bru strir ikkje mot formålet med vernet, og er ikkje vurdert å påverke verneverdiane negativt. Med heimel i verneforskrifta og naturmangfaldlova § 48 første ledd og første avsnitt, tilrår forvaltar at det kan gjevast løyve til bygging av ny bru over elva ved Sagi i Nordheimsdalen naturreservat.



Arkivsaksnr: 2021/1073-0

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 26.01.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	7/21	08.02.2021

## Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - landbruksveg Drægo - Hjølmo bru - motorferdsel

### Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev grunneigar Thorbjørn Sund, gnr. 58, bnr. 2, løyve til motorisert transport på landbruksvegen frå Tråni til Hjølmo bru i Dyrdal for åra 2021 – 2022 – 2023.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 første ledd og første alternativ. Løyvet gjeld med følgjande vilkår:

- Transporten kan nyttast til naudsynt transport av utstyr, materiale, brensel og proviant til stølseigedomane på Hjølmo og Vassete.
- Løyvet gjeld og transport i samband med jaktutøving, grunneigarane sin bruk av stølsområda i samband med skjøtsel og tilsyn, næringsverksem og fritidsbruk.
- Løyvet gjeld for grunneigar og den som kører på vegne av grunneigar.
- Løyvet gjeld inntil 30 turar tur/retur i året. Det kan nyttast bil, traktor eller ATV til transporten.
- Under transport skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv.
- Det skal førast køyrebok som skal visast fram ved eventuelt oppsyn i området. Køyrebok skal førast før køyreturnen startar.
- Løyvet gjeld ikkje køyring på vinterføre. Dette må søkjast særskilt om både etter verneforskrifta og lov om motorferdsel i utmark.

### Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad om motorferdsel i verneområde – Thorbjørn Sund, datert 15.01.2021

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009



## Nærøyfjorden verneområdestyre

- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden, rapport nr. 1-2008

Grunneigarane i Dyrdal har fått brev fra Nærøyfjorden verneområdestyre om at all motorferdsel på landbruksvegen i Dyrdal i Nærøyfjorden landskapsvernombordet er søknadspliktig. Dette gjeld ikke naudsynt motorferdsel i samband med landbruksdrift. Brevet vart sendt til grunneigarane 27. oktober 2020. Det vart informert om at søknadane kunne vera fleirårige. Søknadsfristen vart sett til 20. januar 2021.



Kartkopi frå Fylkesatlas som viser landbruksveg i Dyrdal innanfor landskapsvernombordet.

Den private vegen frå Drægo til Hjølmo bru er om lag 2 km, og fortset frå enden av den kommunale vegen frå Dyrdal til Drægo. Vegen er eig av 9 gardsbruk, sju i Dyrdal og to på Styvi. Vegen vart utbetra til køyreveg i 1990 av rettshavarane på vegen. Før utbetring var vegen ein gang- og kløvjeveg til stølane Hjølmo og Vassete. Stølsdrifta på desse stølane tok slutt på 1950-talet. Føremålet med utbetring av vegen var å gje lettare tilkomst til stølane for naudsynt vedlikehald på stølshusa. Det var i tillegg eit mål å kunne køyra turistar til Hjølmo for utleige av stølen, og for lettare tilgang til stølsområde for grunneigarane og besökjande.

Grunneigarane opplyser at vegen i dag vert nytta til transport og tilsyn av sauar på utmarksbeite, transport for tilsyn og vedlikehald av stølshusa på Hjølmo og Vassete, skjøtsel av stølsområde og stiar, jakt, fiske og fritidsbruk for grunneigarane med familiar. Siste åra har vegen blitt nytta til transport i samband med næringsaktivitet med utleige av stølshus og



jakt. I 2020 vart det i tillegg gitt dispensasjon til bruk av el-sykkel på vegen. Denne aktiviteten var i samband med guida turar til Breiskrednosi som eit reiselivsprodukt.

I verneplanprosessen vart ikkje bruken av denne landbruksvegen diskutert særskilt, og i verneforskrifta er det berre transport i samband med landbruksdrift som ikkje er søknadspliktig.

Grunneigar har sendt søknad om transport på landbruksvegen til følgjande føremål:

- Motorisert ferdsel på barmark på landbruksvegen frå Tråni til Hjølmo.
- Tidsrom: 01.05.2021 – 30.04.2024
- Køyretøy: Bil og ATV
- Transportbehov: I samband med beitebruk, transport av utstyr og materiale og proviant til stølane, vedlikehald av stølshus, kulturlandskapsskjøtsel, jakt.
- Samla tal turar for alle køyretøy pr. år: 30 turar.

## Lovgrunnlaget

Formålet i Nærøyfjorden landskapsvernombordet er definert i verneforskrifta § 2: «*Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernombordet er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter».*

Det er eit generelt forbod mot motorisert ferdsel, lågtflyging under 300 meter og landing i Nærøyfjorden landskapsvernombordet jf. verneforskrifta § 3 pkt. 2.1. Forbodet er ikkje til hinder for naudsynt motorferdsel i samband med landbruksdrift på landbruksvegar.

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, kan gje løyve til luft- og snøskutertransport av materiale til hytter, bruer m.v. og av brensel, utstyr og proviant til hytter og stølar jf. verneforskrifta § 3 pkt. 2.3. Det står ikkje noko i verneforskrifta om biltransport på landbruksvegar, utanom naudsynt motorferdsel i samband med landbruksdrift. Forvaltninga kan i særskilte høve vurdera om det er heimel til tiltak etter naturmangfaldlova § 48; «*Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtakets formål og ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdig...*». Begge vilkåra må vera oppfylt, både at det ikkje skal vere i strid med verneføremålet, og ikkje føre til nemneverdig skade på naturverdiane, for at det kan gjerast unntak etter naturmangfaldlova § 48.

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og vektlagt i saka.

## Vurdering

Frå Drægo til Hjølmo bru er det privat landbruksveg. Store delar av vegen, frå Tråna til Hjølmo bru, er i Nærøyfjorden landskapsvernombordet. I landskapsvernombordet er all motorisert ferdsel i utgangspunktet forbode, med unntak av naudsynt motorferdsel i samband med landbruksdrift. Det er eit mål i forvaltningsplanen om å halde motorferdsel i



verneområdet på eit så lågt nivå som mogleg. Verneområdeforvaltninga er kjent med at det har vore motorisert ferdsel på landbruksvegen tidlegare og, utan at forvaltninga har reagert på dette. Det har vore lagt til grunn at transporten har vore i samband med skjøtsel og drift av stølseigedomane, og dette har blitt forvaltningspraksis på denne vegen. Søknadane som har kome inn viser til at vegen i tillegg har vore brukt av grunneigarane i Dyrdal til transport i samband med rekreasjon og jakt, og i næringssamanhang til utelege av jakt og overnatting på stølane.

Verneområdestyret skal vurdera om ferdsel på landbruksvegen kan vera i strid med verneverdiane og verneføremålet. Då vegen er ein privat landbruksveg, kan grunneigarane laga ytterlegare innstrammingar for å tilpassa køyring til standarden på vegen, og ynskt trafikk.

I dokumenta frå 1990 når vegen vart utbetra, og i søknadane frå grunneigarane, er det lagt til grunn eit ynskje om å bruka vegen både til landbruksdrift, skjøtsel og vedlikehald av stølane, og til fritidsbruk. I forvaltningsplanen for Nærøyfjordområdet er det ikkje skrive noko spesielt om bruken av denne landbruksvegen, men det vert trekt fram at det skal vera eit godt samarbeid med grunneigarane. For å kunne ta vare på kulturlandskapet med stølshus og stølslandskapet, er forvaltninga avhengig av eit godt samarbeid med grunneigarane, og at dei ynskjer å legge ned ein stor eigeninnsats i dette arbeidet. Dette er eit viktig grunnlag for å fylgja opp verneføremålet med å ta vare på landbruket sitt kulturlandskap. Forvaltar vurderer på denne bakgrunn at det er heimel for å vurdera å gje løyve etter naturmangfaldlova § 48 første ledd og første alternativ i denne saka.

Det har vore stilt spørsmål om motorferdselen som er praktisert på landbruksvegen kan reknast som landbruksdrift, sjølv om den ikkje er knytt til faktisk landbruksdrift på eigedomane. Nokon av grunneigarar har i søknaden tatt med ynskje om fri ferdsel på landbruksvegen. Slik forskrifa er utforma, kan det ikkje gjevast løyve til fri ferdsel. Styret ynskjer å diskutera motorferdsel på landbruksveg i revidert forvaltningsplan, og kan eventuelt vurdera å senda innspel til Miljødirektoratet om forskriftsendring. Det vil ta tid å få svar på om det er aktuelt å endre verneforskrifta. Inntil dette er avklart, må styret handsama søknadar frå kvart enkelt grunneigar om motorferdselen det vert søkt om.

Det er laga skjøtselsplan for Dyrdal og Hjølmo, og området er godt kartlagt i samband med forvaltningsplanarbeidet. I tillegg er forvaltninga godt kjent med området gjennom kontakt med grunneigarar og mange synfaringar i området. Det er ikkje registrert sårbare naturtypar eller sårbare artar langs vegstrekninga som vert direkte påverka av motorferdsel på vegen (Naturbase 25.01.2021). Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt i denne saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje tillagt vekt i saka.

Det må vurderast kva verknad tiltaket vil få på den samla belastninga på økosystemet jf. nml. § 10. Køyringa vil føregå på ein etablert landbruksveg, og vil ikkje føre til direkte skade på naturmangfaldet. Det vil kunne vere ulempe for dyreliv knytt til støy og forstyrring, men så lenge køyringa blir avgrensa til å gjelde grunneigarane, og til bestemte føremål, er ikkje dette vurdert til å vere eit stort problem. Det vil truleg ikkje vera mange køyretøy i Dyrdal utanom grunneigarane sine køyretøy, då det ikkje er vegtilkomst til Dyrdal, og køyretøy må koma med ferje til kaien i Dyrdal. Landbruksvegen har i lang tid vore nytta av grunneigarane som har stølseigedom i området. Denne aktiviteten er av stor verdi for at kulturlandskapet, som er ein vesentleg del av verneføremålet, skal bli tatt vare på.



Ein del av den motoriserte ferdselet er knytt til næringsverksem i form av utleige av stølshus til overnatting, og utleige av jakt. I tillegg er det ynskje om å nyta el-sykkel på landbruksvegen. I forvaltningsplan er berekraftig småskala reiseliv omtalt som positiv næringsutvikling i verneområdet og verdsarvområdet. Aktiviteten må leggjast til rette i tråd med verneforskrift og andre forskrifter. Auka motorisert ferdsel knytt til turistnæring kan føra til auka belasting med støy og uro i landskapsvernombrådet. Dersom den samla belastninga av motorferdsel vert for stor i området, kan ferdselet vera i strid med verneføremålet. Transport i samband med reiselivet bør difor avgrensast til naudsynt transport av proviant og utstyr.

Eit anna moment som vert trekt fram av grunneigarane, er at grunneigarane som har lagt ned ein stor innsats for å ta vare på kulturlandskap og stølshus i området, no er eldre og fleire er i dårlegare fysisk form. Det er eit stor ynskje at dei kan få køyre med bil på vegen for lettare å koma seg til Hjølmo, og framleis få glede av friluftslivet på stølane. Det er rimeleg at den etablerte vegen kan nyttast av eldre og rørslehemma som har sterkt tilknyting til stølsområdet, og som må nyta motorisert køyretøy for å koma seg til stølen. Dette er også i tråd med nasjonale føringer om å legge til rette for fysisk aktivitet som tiltak for betre folkehelse. Dette bør vektleggjast i verneområde og, dersom dette ikkje går utover verneverdiane og verneføremålet.

I tilsvarande landskapsvernombåde med nyare verneforskrifter, har det vore ei utvikling med meir tilpassing av motorferdsel til dagens bruk av motoriserte køyretøy. I Høydalen landskapsvernombåde i Breheimen er motorferdsel på eksisterande bilveg i området lovleg, og ikkje søknadspliktig. Det er naturleg å sjå på verneregler i tilsvarande område for å vurdera kva som kan vera akseptabelt å gje dispensasjon til. Det er berre i Dyrdal det var ein etablert privat bilveg i Nærøyfjorden landskapsvernombåde før området vart verna. Denne saka vil difor ikkje gje presedens for tilsvarande saker andre stader i verneområdet. Ved å avgrensa den motoriserte ferdsla til grunneigarane sin tradisjonelle bruk av landbruksvegen, samt avgrensa aktivitet knytt til turisme, vurderer forvaltar den samla belastninga på økosystemet jf. nml. §10 til å vera akseptabel.

Køyring på landbruksvegen i barmarkssesongen fram til Hjølmo bru blir vurdert som den beste måten for å frakte naudsynt utstyr og materiale til stølshusa på. Transporten føregår på ein etablert veg på ca. 2 km. Køyringa og ferdselet vert på denne måten kanalisert til ein trase, og vert vurdert som miljøforsvarleg ferdsel jf. nml § 12. Den praksisen som har vore med at grunneigarane har nytt vegen til privat bruk, har ikkje ført til nemneverdig skade på verneverdiane. Det er ikkje veggtilkomst til Dyrdal, og tal køyretøy vil difor vera avgrensa til grunneigarane som har eigne køyretøy. Det er kome inn søknad frå 7 av 9 grunneigarane i Dyrdal og Styvi. Desse er alle rettshavarar til landbruksvegen. Forvaltar har vurdert søknadane samla, og innstiller på likt tal turar på vegen til alle grunneigarane som har søkt. Det vil variera kor mange turarar kvar enkelt har bruk for, og det er difor innstilt på inntil 30 turar pr. grunneigar.

Transporten er vurdert til ikkje å føre til miljøforringing, og nml. § 11 er difor ikkje vurdert i denne saka.

## Konklusjon

Køyringa på landbruksvegen vil ikkje føre til nemneverdig skade på naturverdiane, og vil ikkje vera i strid med verneføremålet. Forvaltar vurderer at vilkåra for å gje løyve til transport



## Nærøyfjorden verneområdestyre

---

etter § 48 i naturmangfaldslova er oppfylt. På bakgrunn av vurderingane etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8 – 12, meiner forvaltar løyve til motorisert ferdsel på landbruksvegen kan gjevast med heimel i verneforskrifta og naturmangfaldlova § 48 første ledd og første alternativ.



Arkivsaksnr: 2020/17167-0

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 18.01.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	8/21	08.02.2021

## Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernombord - landbruksveg Drægo - Hjølmo bru - motorferdsel

### Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev grunneigar Arild Dyrdal, gnr. 67, bnr. 2 og 9, løyve til motorisert transport på landbruksvegen frå Tråni til Hjølmo bru i Dyrdal for åra 2021 – 2022 – 2023.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombord og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ. Løyvet gjeld med følgjande vilkår:

- Transporten kan nyttast til naudsynt transport av utstyr, materiale, brensel og proviant til stølseigedomane på Hjølmo og Vassete.
- Løyvet gjeld og transport i samband med jaktutøving, grunneigarane sin bruk av stølsområda i samband med skjøtsel og tilsyn, næringsverksem og fritidsbruk.
- Løyvet gjeld for grunneigar og den som kører på vegne av grunneigar.
- Løyvet gjeld inntil 30 turar tur/retur i året. Det kan nyttast bil, traktor eller ATV til transporten.
- Under transport skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv.
- Det skal førast køyrebok som skal visast fram ved eventuelt oppsyn i området. Køyrebok skal førast før køyreturnen startar.
- Løyvet gjeld ikkje køyring på vinterføre. Dette må søkjast særskilt om både etter verneforskrifta og lov om motorferdsel i utmark.

### Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad om motorferdsel i verneområde – Arild Dyrdal, datert 03.11.2020
- Søknad om bruk av el-sykkel og motorisert ferdsl på vegstrekninga Drægo – Hjølmo bru – Arild Dyrdal, datert 13.01.2021


Søknaden vert vurdert etter:



## Nærøyfjorden verneområdestyre

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden, rapport nr. 1-2008

Grunneigarane i Dyrdal har fått brev fra Nærøyfjorden verneområdestyre om at all motorferdsel på landbruksvegen i Dyrdal i Nærøyfjorden landskapsvernområde er søknadspliktig. Dette gjeld ikkje naudsynt motorferdsel i samband med landbruksdrift. Brevet vart sendt til grunneigarane 27. oktober 2020. Det vart informert om at søknadane kunne vera fleirårige. Søknadsfristen vart sett til 20. januar 2021.



Kartkopi frå Fylkesatlas som viser landbruksveg i Dyrdal innanfor landskapsvernområdet.

Den private vegen frå Drægo til Hjølmo bru er om lag 2 km, og fortset frå enden av den kommunale vegen frå Dyrdal til Drægo. Vegen er eig av 9 gardsbruk, sju i Dyrdal og to på Styvi. Vegen vart utbetra til køyreveg i 1990 av rettshavarane på vegen. Før utbetring var vegen ein gang- og kløvjeveg til stølane Hjølmo og Vassete. Stølsdrifta på desse stølane tok slutt på 1950-talet. Føremålet med utbetring av vegen var å gje lettare tilkomst til stølane for naudsynt vedlikehald på stølshusa. Det var i tillegg eit mål å kunne køyra turistar til Hjølmo for utelege av stølen, og for lettare tilgang til stølsområde for grunneigarane og besøkjande.

Grunneigarane opplyser at vegen i dag vert nytta til transport og tilsyn av sauar på utmarksbeite, transport for tilsyn og vedlikehald av stølshusa på Hjølmo og Vassete, skjøtsel



av stølsområde og stiar, jakt, fiske og fritidsbruk for grunneigarane med familiar. Siste åra har vegen blitt nytta til transport i samband med næringsaktivitet med utelege av stølshus og jakt. I 2020 vart det i tillegg gitt dispensasjon til bruk av el-sykkel på vegen. Denne aktiviteten var i samband med guida turar til Breiskrednosi som eit reiselivsprodukt.

I verneplanprosessen vart ikkje bruken av denne landbruksvegen diskutert særskilt, og i verneforskrifta er det berre transport i samband med landbruksdrift som ikkje er søknadspliktig.

Grunneigar har sendt søknad om transport på landbruksvegen til følgjande føremål:

- Motorisert ferdsel på barmark på landbruksvegen frå Tråni til Hjølmo.
- Tidsrom: 01.11.2020 – 31.12.2023
- Køyretøy: Traktor og ATV
- Transportbehov: Transport av utstyr og materiale og proviant til stølane, vedlikehald av stølshus, kulturlandskapsskjøtsel, transport av driftsmateriale i samband med næringsaktivitet som overnatting og opphold, og næringsaktivitet i samband med jaktutleige.
- Samla tal turar for alle køyretøy pr. år: 120 turar.

I søknad datert 13.01.2021 søker grunneigar om fri ferdsel på landbruksvegen for gnr. 67, bnr. 2 og 9 og gnr. 68, bnr. 1, både for næring og privat bruk.

## Lovgrunnlaget

Formålet i Nærøyfjorden landskapsvernombordet er definert i verneforskrifta § 2: «*Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernombordet er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter».*

Det er eit generelt forbod mot motorisert ferdsel, lågtflyging under 300 meter og landing i Nærøyfjorden landskapsvernombordet jf. verneforskrifta § 3 pkt. 2.1. Forbodet er ikkje til hinder for naudsynt motorferdsel i samband med landbruksdrift på landbruksvegar.

Forvalningsstyresmakta, eller den forvalningsstyresmakta gjev fullmakt, kan gje løyve til luft- og snøskutertransport av materiale til hytter, bruer m.v. og av brensel, utstyr og proviant til hytter og stølar jf. verneforskrifta § 3 pkt. 2.3. Det står ikkje noko i verneforskrifta om biltransport på landbruksvegar, utanom naudsynt motorferdsel i samband med landbruksdrift. Forvaltinga kan i særskilte høve vurdera om det er heimel til tiltak etter naturmangfaldlova § 48; «*Forvalningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et verneverdetak dersom det ikkje strider mot verneverdetakets formål og ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdig...*». Begge vilkåra må vera oppfylt, både at det ikkje skal vere i strid med verneføremålet, og ikkje føre til nemneverdig skade på naturverdiane, for at det kan gjerast unntak etter naturmangfaldlova § 48.

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og vektlagt i saka.



## Vurdering

Fra Drægo til Hjølmo bru er det privat landbruksveg. Store delar av vegen, fra Tråna til Hjølmo bru, er i Nærøyfjorden landskapsvernområde. I landskapsvernombordet er all motorisert ferdsel i utgangspunktet forbode, med unntak av naudsynt motorferdsel i samband med landbruksdrift. Det er eit mål i forvaltningsplanen om å halde motorferdsel i verneområdet på eit så lågt nivå som mogleg. Verneområdeforvaltninga er kjent med at det har vore motorisert ferdsel på landbruksvegen tidlegare og, utan at forvaltninga har reagert på dette. Det har vore lagt til grunn at transporten har vore i samband med skjøtsel og drift av stølseigedomane, og dette har blitt forvaltningspraksis på denne vegen. Søknadane som har kome inn viser til at vegen i tillegg har vore brukt av grunneigarane i Dyrdal til transport i samband med rekreasjon og jakt, og i næringssamanheng til utelege av jakt og overnatting på stølane.

Verneområdestyret skal vurdera om ferdsel på landbruksvegen kan vera i strid med verneverdiane og verneføremålet. Då vegen er ein privat landbruksveg, kan grunneigarane laga ytterlegare innstrammingar for å tilpassa køyring til standarden på vegen, og ynskt trafikk.

I dokumenta frå 1990 når vegen vart utbetra, og i søknadane frå grunneigarane, er det lagt til grunn eit ynskje om å bruka vegen både til landbruksdrift, skjøtsel og vedlikehald av stølane, og til fritidsbruk. I forvaltningsplanen for Nærøyfjordområdet er det ikkje skrive noko spesielt om bruken av denne landbruksvegen, men det vert trekt fram at det skal vera eit godt samarbeid med grunneigarane. For å kunne ta vare på kulturlandskapet med stølshus og stølslandskapet, er forvaltninga avhengig av eit godt samarbeid med grunneigarane, og at dei ynskjer å legge ned ein stor eigeninnsats i dette arbeidet. Dette er eit viktig grunnlag for å fylgja opp verneføremålet med å ta vare på landbruket sitt kulturlandskap. Forvaltar vurderer på denne bakgrunn at det er heimel for å vurdera å gje løyve etter naturmangfaldlova § 48 første ledd og første alternativ i denne saka.

Det har vore stilt spørsmål om motorferdselen som er praktisert på landbruksvegen kan reknast som landbruksdrift, sjølv om den ikkje er knytt til faktisk landbruksdrift på eigedomane. Nokon av grunneigarar har i søknaden tatt med ynskje om fri ferdsel på landbruksvegen. Slik forskrifter er utforma, kan det ikkje gjevast løyve til fri ferdsel. Styret ynskjer å diskutera motorferdsel på landbruksveg i revidert forvaltningsplan, og kan eventuelt vurdera å senda innspel til Miljødirektoratet om forskriftsendring. Det vil ta tid å få svar på om det er aktuelt å endre verneforskrifta. Inntil dette er avklart, må styret handsama søknadar frå kvart enkelt grunneigar om motorferdselen det vert søkt om.

Søknad om bruk av el-sykkel på landbruksvegen vert behandla som eige sak. Før saka kan behandalast, må det leggjast ved informasjon om planlagt aktivitet.

Det er laga skjøtselsplan for Dyrdal og Hjølmo, og området er godt kartlagt i samband med forvaltningsplanarbeidet. I tillegg er forvaltninga godt kjent med området gjennom kontakt med grunneigarar og mange synfaringar i området. Det er ikkje registrert sårbare naturtypar eller sårbare artar langs vegstrekninga som vert direkte påverka av motorferdsel på vegen (Naturbase 25.01.2021). Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt i denne saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje tillagt vekt i saka.



Det må vurderast kva verknad tiltaket vil få på den samla belastninga på økosystemet jf. nml. § 10. Køyringa vil føregå på ein etablert landbruksveg, og vil ikkje føre til direkte skade på naturmangfaldet. Det vil kunne vere ulempe for dyreliv knytt til støy og forstyrring, men så lenge køyringa blir avgrensa til å gjelde grunneigarane, og til bestemte føremål, er ikkje dette vurdert til å vere eit stort problem. Det vil truleg ikkje vera mange køyretøy i Dyrdal utanom grunneigarane sine køyretøy, då det ikkje er vegtilkomst til Dyrdal, og køyretøy må koma med ferje til kaien i Dyrdal. Landbruksvegen har i lang tid vore nytta av grunneigarane som har stølseigedom i området. Denne aktiviteten er av stor verdi for at kulturlandskapet, som er ein vesentleg del av verneføremålet, skal bli tatt vare på.

Ein del av den motoriserte ferdselet er knytt til næringsverksemd i form av utleige av stølshus til overnatting, og utleige av jakt. I tillegg er det ynskje om å nytta el-sykkel på landbruksvegen. I forvaltningsplan er berekraftig småskala reiseliv omtalt som positiv næringsutvikling i verneområdet og verdsarvområdet. Aktiviteten må leggjast til rette i tråd med verneforskrift og andre forskrifter. Auka motorisert ferdsel knytt til turistnæring kan føra til auka belasting med støy og uro i landskapsvernombordet. Dersom den samla belastninga av motorferdsel vert for stor i området, kan ferdselet vera i strid med verneføremålet. Transport i samband med reiselivet bør difor avgrensast til naudsynt transport av proviant og utstyr.

Eit anna moment som vert trekt fram av fleire av grunneigarane, er at grunneigarane som har lagt ned ein stor innsats for å ta vare på kulturlandskap og stølshus i området, no er eldre og fleire er i dårlegare fysisk form. Det er eit stor ynskje at dei kan få køyre med bil på vegen for lettare å koma seg til Hjølmo, og framleis få glede av friluftslivet på stølane. Det er rimeleg at den etablerte vegen kan nyttast av eldre og rørslehemma som har sterkt tilknyting til stølsområdet, og som må nytta motorisert køyretøy for å koma seg til stølen. Dette er også i tråd med nasjonale føringar om å legge til rette for fysisk aktivitet som tiltak for betre folkehelse. Dette bør vektleggjast i verneområde og, dersom dette ikkje går utover verneverdiane og verneføremålet.

I tilsvarende landskapsvernombordet med nyare verneforskrifter, har det vore ei utvikling med meir tilpassing av motorferdsel til dagens bruk av motoriserte køyretøy. I Høydalen landskapsvernombordet i Breheimen er motorferdsel på eksisterande bilveg i området lovleg, og ikkje søknadspliktig. Det er naturleg å sjå på verneregler i tilsvarende område for å vurdera kva som kan vera akseptabelt å gje dispensasjon til. Det er berre i Dyrdal det var ein etablert privat bilveg i Nærøyfjorden landskapsvernombordet før området vart verna. Denne saka vil difor ikkje gje presedens for tilsvarende saker andre stader i verneområdet. Ved å avgrensa den motoriserte ferdsla til grunneigarane sin tradisjonelle bruk av landbruksvegen, samt avgrensa aktivitet knytt til turisme, vurderer forvaltar den samla belastninga på økosystemet jf. nml. §10 til å vera akseptabel.

Køyring på landbruksvegen i barmarkssesongen fram til Hjølmo bru blir vurdert som den beste måten for å frakte naudsynt utstyr og materiale til stølshusa på. Transporten føregår på ein etablert veg på ca. 2 km. Køyringa og ferdselet vert på denne måten kanalisert til ein trase, og vert vurdert som miljøforsvarleg ferdsel jf. nml § 12. Den praksisen som har vore med at grunneigarane har nytta vegen til privat bruk, har ikkje ført til nemneverdig skade på verneverdiane. Det er ikkje vegtilkomst til Dyrdal, og tal køyretøy vil difor vera avgrensa til grunneigarane som har eigne køyretøy. Det er kome inn søknad frå 7 av 9 grunneigarane i Dyrdal og Styvi. Desse er alle rettshavarar til landbruksvegen. Forvaltar har vurdert søknadane samla, og innstiller på likt tal turar på vegen til alle grunneigarane som har søkt.



Det vil variera kor mange turarar kvar enkelt har bruk for, og det er difor innstilt på inntil 30 turar pr. grunneigar.

Transporten er vurdert til ikkje å føre til miljøforringing, og nml. § 11 er difor ikkje vurdert i denne saka.

### **Konklusjon**

Køyringa på landbruksvegen vil ikkje føre til nemneverdig skade på naturverdiane, og vil ikkje vera i strid med verneføremålet. Forvaltar vurderer at vilkåra for å gje løyve til transport etter § 48 i naturmangfaldslova er oppfylt. På bakgrunn av vurderingane etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8 – 12, meiner forvaltar løyve til motorisert ferdsel på landbruksvegen kan gjevast med heimel i verneforskrifta og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og første alternativ.



Arkivsaksnr: 2021/1044-0

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 26.01.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	9/21	08.02.2021

## Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - landbruksveg Drægo - Hjølmo bru - motorferdsel

### Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev grunneigar Siv Lisbeth Tønder, gnr. 69, bnr. 1, løyve til motorisert transport på landbruksvegen frå Tråni til Hjølmo bru i Dyrdal for åra 2021 – 2022 – 2023.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 første ledd og første alternativ. Løyvet gjeld med følgjande vilkår:

- Transporten kan nyttast til naudsynt transport av utstyr, materiale, brensel og proviant til stølseigedomane på Hjølmo og Vassete.
- Løyvet gjeld og transport i samband med jaktutøving, grunneigarane sin bruk av stølsområda i samband med skjøtsel og tilsyn, næringsverksem og fritidsbruk.
- Løyvet gjeld for grunneigar og den som kører på vegne av grunneigar.
- Løyvet gjeld inntil 30 turar tur/retur i året. Det kan nyttast bil, traktor eller ATV til transporten.
- Under transport skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv.
- Det skal førast køyrebok som skal visast fram ved eventuelt oppsyn i området. Køyrebok skal førast før køyreturnen startar.
- Løyvet gjeld ikkje køyring på vinterføre. Dette må søkjast særskilt om både etter verneforskrifta og lov om motorferdsel i utmark.

### Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad om motorferdsel i verneområde – Siv Lisbeth Tønder, datert 15.01.2021

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009



## Nærøyfjorden verneområdestyre

- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden, rapport nr. 1-2008

Grunneigarane i Dyrdal har fått brev fra Nærøyfjorden verneområdestyre om at all motorferdsel på landbruksvegen i Dyrdal i Nærøyfjorden landskapsvernombordet er søknadspliktig. Dette gjeld ikke naudsynt motorferdsel i samband med landbruksdrift. Brevet vart sendt til grunneigarane 27. oktober 2020. Det vart informert om at søknadane kunne vera fleirårige. Søknadsfristen vart sett til 20. januar 2021.



Kartkopi frå Fylkesatlas som viser landbruksveg i Dyrdal innanfor landskapsvernombordet.

Den private vegen frå Drægo til Hjølmo bru er om lag 2 km, og fortset frå enden av den kommunale vegen frå Dyrdal til Drægo. Vegen er eig av 9 gardsbruk, sju i Dyrdal og to på Styvi. Vegen vart utbetra til køyreveg i 1990 av rettshavarane på vegen. Før utbetring var vegen ein gang- og kløvjeveg til stølane Hjølmo og Vassete. Stølsdrifta på desse stølane tok slutt på 1950-talet. Føremålet med utbetring av vegen var å gje lettare tilkomst til stølane for naudsynt vedlikehald på stølshusa. Det var i tillegg eit mål å kunne køyra turistar til Hjølmo for utleige av stølen, og for lettare tilgang til stølsområde for grunneigarane og besökjande.

Grunneigarane opplyser at vegen i dag vert nytta til transport og tilsyn av sauar på utmarksbeite, transport for tilsyn og vedlikehald av stølshusa på Hjølmo og Vassete, skjøtsel av stølsområde og stiar, jakt, fiske og fritidsbruk for grunneigarane med familiar. Siste åra har vegen blitt nytta til transport i samband med næringsaktivitet med utleige av stølshus og



jakt. I 2020 vart det i tillegg gitt dispensasjon til bruk av el-sykkel på vegen. Denne aktiviteten var i samband med guida turar til Breiskrednosi som eit reiselivsprodukt.

Eit anna moment som vert trekt fram av grunneigarane, er at grunneigarane som har lagt ned ein stor innsats for å ta vare på kulturlandskap og stølshus i området, no er eldre og fleire er i dårlegare fysisk form. Det er eit stor ynskje at dei kan få køyre med bil på vegen for lettare å koma seg til Hjølmo, og framleis få glede av friluftslivet på stølane. Det er rimeleg at den etablerte vegen kan nyttast av eldre og rørslehemma som har sterkt tilknyting til stølsområdet, og som må nyta motorisert køyretøy for å koma seg til stølen. Dette er også i tråd med nasjonale føringer om å legge til rette for fysisk aktivitet som tiltak for betre folkehelse. Dette bør vektleggjast i verneområde og, dersom dette ikkje går utover verneverdiane og verneføremålet.

I tilsvarande landskapsvernombåde med nyare verneforskrifter, har det vore ei utvikling med meir tilpassing av motorferdsel til dagens bruk av motoriserte køyretøy. I Høydalen landskapsvernombåde i Breheimen er motorferdsel på eksisterande bilveg i området lovleg, og ikkje søknadspliktig. Det er naturleg å sjå på verneregler i tilsvarande område for å vurdera kva som kan vera akseptabelt å gje dispensasjon til. Det er berre i Dyrdal det var ein etablert privat bilveg i Nærøyfjorden landskapsvernombåde før området vart verna. Denne saka vil difor ikkje gje presedens for tilsvarande saker andre stader i verneområdet. Ved å avgrensa den motoriserte ferdsla til grunneigarane sin tradisjonelle bruk av landbruksvegen, samt avgrensa aktivitet knytt til turisme, vurderer forvaltar den samla belastninga på økosystemet jf. nml. §10 til å vera akseptabel.

Køyring på landbruksvegen i barmarkssesongen fram til Hjølmo bru blir vurdert som den beste måten for å frakte naudsynt utstyr og materiale til stølshusa på. Transporten føregår på ein etablert veg på ca. 2 km. Køyringa og ferdselet vert på denne måten kanalisert til ein trase, og vert vurdert som miljøforsvarleg ferdsel jf. nml § 12. Den praksisen som har vore med at grunneigarane har nytt vegen til privat bruk, har ikkje ført til nemneverdig skade på verneverdiane. Det er ikkje veggtilkomst til Dyrdal, og tal køyretøy vil difor vera avgrensa til grunneigarane som har eigne køyretøy. Det er kome inn søknad frå 7 av 9 grunneigarane i Dyrdal og Styvi. Desse er alle rettshavarar til landbruksvegen. Forvaltar har vurdert søknadane samla, og innstiller på likt tal turar på vegen til alle grunneigarane som har søkt. Det vil variera kor mange turarar kvar enkelt har bruk for, og det er difor innstilt på inntil 30 turar pr. grunneigar.

Transporten er vurdert til ikkje å føre til miljøforringing, og nml. § 11 er difor ikkje vurdert i denne saka.

## Konklusjon

Køyringa på landbruksvegen vil ikkje føre til nemneverdig skade på naturverdiane, og vil ikkje vera i strid med verneføremålet. Forvaltar vurderer at vilkåra for å gje løyve til transport



## Nærøyfjorden verneområdestyre

---

etter § 48 i naturmangfaldslova er oppfylt. På bakgrunn av vurderingane etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8 – 12, meiner forvaltar løyve til motorisert ferdsel på landbruksvegen kan gjevast med heimel i verneforskrifta og naturmangfaldlova § 48 første ledd og første alternativ.



Arkivsaksnr: 2021/1077-0

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 26.01.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	13/21	08.02.2021

## Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - landbruksveg Drægo - Hjølmo bru - motorferdsel

### Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev grunneigar Olav Magne Dyrdal, gnr. 67, bnr. 1, løyve til motorisert transport på landbruksvegen frå Tråni til Hjølmo bru i Dyrdal for åra 2021 – 2022 – 2023.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 første ledd og første alternativ. Løyvet gjeld med følgjande vilkår:

- Transporten kan nyttast til naudsynt transport av utstyr, materiale, brensel og proviant til stølseigedomane på Hjølmo og Vassete.
- Løyvet gjeld og transport i samband med jaktutøving, grunneigarane sin bruk av stølsområda i samband med skjøtsel og tilsyn, næringsverksem og fritidsbruk.
- Løyvet gjeld for grunneigar og den som kører på vegne av grunneigar.
- Løyvet gjeld inntil 30 turar tur/retur i året. Det kan nyttast bil, traktor eller ATV til transporten.
- Under transport skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv.
- Det skal førast køyrebok som skal visast fram ved eventuelt oppsyn i området. Køyrebok skal førast før køyreturnen startar.
- Løyvet gjeld ikkje køyring på vinterføre. Dette må søkjast særskilt om både etter verneforskrifta og lov om motorferdsel i utmark.

### Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad om motorferdsel i verneområde – Olav Magne Dyrdal, datert 15.01.2021

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009



## Nærøyfjorden verneområdestyre

- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden, rapport nr. 1-2008

Grunneigarane i Dyrdal har fått brev fra Nærøyfjorden verneområdestyre om at all motorferdsel på landbruksvegen i Dyrdal i Nærøyfjorden landskapsvernombordet er søknadspliktig. Dette gjeld ikke naudsynt motorferdsel i samband med landbruksdrift. Brevet vart sendt til grunneigarane 27. oktober 2020. Det vart informert om at søknadane kunne vera fleirårige. Søknadsfristen vart sett til 20. januar 2021.



Kartkopi frå Fylkesatlas som viser landbruksveg i Dyrdal innanfor landskapsvernombordet.

Den private vegen frå Drægo til Hjølmo bru er om lag 2 km, og fortset frå enden av den kommunale vegen frå Dyrdal til Drægo. Vegen er eig av 9 gardsbruk, sju i Dyrdal og to på Styvi. Vegen vart utbetra til køyreveg i 1990 av rettshavarane på vegen. Før utbetring var vegen ein gang- og kløvjeveg til stølane Hjølmo og Vassete. Stølsdrifta på desse stølane tok slutt på 1950-talet. Føremålet med utbetring av vegen var å gje lettare tilkomst til stølane for naudsynt vedlikehald på stølshusa. Det var i tillegg eit mål å kunne køyra turistar til Hjølmo for utleige av stølen, og for lettare tilgang til stølsområde for grunneigarane og besökjande.

Grunneigarane opplyser at vegen i dag vert nytta til transport og tilsyn av sauar på utmarksbeite, transport for tilsyn og vedlikehald av stølshusa på Hjølmo og Vassete, skjøtsel av stølsområde og stiar, jakt, fiske og fritidsbruk for grunneigarane med familiar. Siste åra har vegen blitt nytta til transport i samband med næringsaktivitet med utleige av stølshus og



jakt. I 2020 vart det i tillegg gitt dispensasjon til bruk av el-sykkel på vegen. Denne aktiviteten var i samband med guida turar til Breiskrednosi som eit reiselivsprodukt.

I verneplanprosessen vart ikkje bruken av denne landbruksvegen diskutert særskilt, og i verneforskrifta er det berre transport i samband med landbruksdrift som ikkje er søknadspliktig.

Grunneigar har sendt søknad om transport på landbruksvegen til følgjande føremål:

- Motorisert ferdsel på barmark på landbruksvegen frå Tråni til Hjølmo.
- Tidsrom: 01.06.2021 – 31.12.2023
- Køyretøy: Bil og traktor
- Transportbehov: Transport av utstyr og materiale og proviant til stølane, vedlikehald av stølshus, kulturlandskapsskjøtsel, jakt.
- Samla tal turar for alle køyretøy pr. år: 20 turar.

## Lovgrunnlaget

Formålet i Nærøyfjorden landskapsvernombordet er definert i verneforskrifta § 2: «*Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernombordet er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter».*

Det er eit generelt forbod mot motorisert ferdsel, lågtflyging under 300 meter og landing i Nærøyfjorden landskapsvernombordet jf. verneforskrifta § 3 pkt. 2.1. Forbodet er ikkje til hinder for naudsynt motorferdsel i samband med landbruksdrift på landbruksvegar.

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, kan gje løyve til luft- og snøskutertransport av materiale til hytter, bruer m.v. og av brensel, utstyr og proviant til hytter og stølar jf. verneforskrifta § 3 pkt. 2.3. Det står ikkje noko i verneforskrifta om biltransport på landbruksvegar, utanom naudsynt motorferdsel i samband med landbruksdrift. Forvaltninga kan i særskilte høve vurdera om det er heimel til tiltak etter naturmangfaldlova § 48; «*Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtakets formål og ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdig...*». Begge vilkåra må vera oppfylt, både at det ikkje skal vere i strid med verneføremålet, og ikkje føre til nemneverdig skade på naturverdiane, for at det kan gjerast unntak etter naturmangfaldlova § 48.

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og vektlagt i saka.

## Vurdering

Frå Drægo til Hjølmo bru er det privat landbruksveg. Store delar av vegen, frå Tråna til Hjølmo bru, er i Nærøyfjorden landskapsvernombordet. I landskapsvernombordet er all motorisert ferdsel i utgangspunktet forbode, med unntak av naudsynt motorferdsel i samband med landbruksdrift. Det er eit mål i forvaltningsplanen om å halde motorferdsel i



verneområdet på eit så lågt nivå som mogleg. Verneområdeforvaltninga er kjent med at det har vore motorisert ferdsel på landbruksvegen tidlegare og, utan at forvaltninga har reagert på dette. Det har vore lagt til grunn at transporten har vore i samband med skjøtsel og drift av stølseigedomane, og dette har blitt forvaltningspraksis på denne vegen. Søknadane som har kome inn viser til at vegen i tillegg har vore brukt av grunneigarane i Dyrdal til transport i samband med rekreasjon og jakt, og i næringssamanhang til utelege av jakt og overnatting på stølane.

Verneområdestyret skal vurdera om ferdsel på landbruksvegen kan vera i strid med verneverdiane og verneføremålet. Då vegen er ein privat landbruksveg, kan grunneigarane laga ytterlegare innstrammingar for å tilpassa køyring til standarden på vegen, og ynskt trafikk.

I dokumenta frå 1990 når vegen vart utbetra, og i søknadane frå grunneigarane, er det lagt til grunn eit ynskje om å bruka vegen både til landbruksdrift, skjøtsel og vedlikehald av stølane, og til fritidsbruk. I forvaltningsplanen for Nærøyfjordområdet er det ikkje skrive noko spesielt om bruken av denne landbruksvegen, men det vert trekt fram at det skal vera eit godt samarbeid med grunneigarane. For å kunne ta vare på kulturlandskapet med stølshus og stølslandskapet, er forvaltninga avhengig av eit godt samarbeid med grunneigarane, og at dei ynskjer å legge ned ein stor eigeninnsats i dette arbeidet. Dette er eit viktig grunnlag for å fylgja opp verneføremålet med å ta vare på landbruket sitt kulturlandskap. Forvaltar vurderer på denne bakgrunn at det er heimel for å vurdera å gje løyve etter naturmangfaldlova § 48 første ledd og første alternativ i denne saka.

Det har vore stilt spørsmål om motorferdselen som er praktisert på landbruksvegen kan reknast som landbruksdrift, sjølv om den ikkje er knytt til faktisk landbruksdrift på eigedomane. Nokon av grunneigarar har i søknaden tatt med ynskje om fri ferdsel på landbruksvegen. Slik forskrifa er utforma, kan det ikkje gjevast løyve til fri ferdsel. Styret ynskjer å diskutera motorferdsel på landbruksveg i revidert forvaltningsplan, og kan eventuelt vurdera å senda innspel til Miljødirektoratet om forskriftsendring. Det vil ta tid å få svar på om det er aktuelt å endre verneforskrifta. Inntil dette er avklart, må styret handsama søknadar frå kvart enkelt grunneigar om motorferdselen det vert søkt om.

Det er laga skjøtselsplan for Dyrdal og Hjølmo, og området er godt kartlagt i samband med forvaltningsplanarbeidet. I tillegg er forvaltninga godt kjent med området gjennom kontakt med grunneigarar og mange synfaringar i området. Det er ikkje registrert sårbare naturtypar eller sårbare artar langs vegstrekninga som vert direkte påverka av motorferdsel på vegen (Naturbase 25.01.2021). Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt i denne saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje tillagt vekt i saka.

Det må vurderast kva verknad tiltaket vil få på den samla belastninga på økosystemet jf. nml. § 10. Køyringa vil føregå på ein etablert landbruksveg, og vil ikkje føre til direkte skade på naturmangfaldet. Det vil kunne vere ulempe for dyreliv knytt til støy og forstyrring, men så lenge køyringa blir avgrensa til å gjelde grunneigarane, og til bestemte føremål, er ikkje dette vurdert til å vere eit stort problem. Det vil truleg ikkje vera mange køyretøy i Dyrdal utanom grunneigarane sine køyretøy, då det ikkje er vegtilkomst til Dyrdal, og køyretøy må koma med ferje til kaien i Dyrdal. Landbruksvegen har i lang tid vore nytta av grunneigarane som har stølseigedom i området. Denne aktiviteten er av stor verdi for at kulturlandskapet, som er ein vesentleg del av verneføremålet, skal bli tatt vare på.



Ein del av den motoriserte ferdselet er knytt til næringsverksem i form av utleige av stølshus til overnatting, og utleige av jakt. I tillegg er det ynskje om å nyta el-sykkel på landbruksvegen. I forvaltningsplan er berekraftig småskala reiseliv omtalt som positiv næringsutvikling i verneområdet og verdsarvområdet. Aktiviteten må leggjast til rette i tråd med verneforskrift og andre forskrifter. Auka motorisert ferdsel knytt til turistnæring kan føra til auka belasting med støy og uro i landskapsvernombrådet. Dersom den samla belastninga av motorferdsel vert for stor i området, kan ferdselet vera i strid med verneføremålet. Transport i samband med reiselivet bør difor avgrensast til naudsynt transport av proviant og utstyr.

Eit anna moment som vert trekt fram av grunneigarane, er at grunneigarane som har lagt ned ein stor innsats for å ta vare på kulturlandskap og stølshus i området, no er eldre og fleire er i dårlegare fysisk form. Det er eit stor ynskje at dei kan få køyre med bil på vegen for lettare å koma seg til Hjølmo, og framleis få glede av friluftslivet på stølane. Det er rimeleg at den etablerte vegen kan nyttast av eldre og rørslehemma som har sterkt tilknyting til stølsområdet, og som må nyta motorisert køyretøy for å koma seg til stølen. Dette er også i tråd med nasjonale føringer om å legge til rette for fysisk aktivitet som tiltak for betre folkehelse. Dette bør vektleggjast i verneområde og, dersom dette ikkje går utover verneverdiane og verneføremålet.

I tilsvarande landskapsvernombåde med nyare verneforskrifter, har det vore ei utvikling med meir tilpassing av motorferdsel til dagens bruk av motoriserte køyretøy. I Høydalen landskapsvernombåde i Breheimen er motorferdsel på eksisterande bilveg i området lovleg, og ikkje søknadspliktig. Det er naturleg å sjå på verneregler i tilsvarande område for å vurdera kva som kan vera akseptabelt å gje dispensasjon til. Det er berre i Dyrdal det var ein etablert privat bilveg i Nærøyfjorden landskapsvernombåde før området vart verna. Denne saka vil difor ikkje gje presedens for tilsvarande saker andre stader i verneområdet. Ved å avgrensa den motoriserte ferdsla til grunneigarane sin tradisjonelle bruk av landbruksvegen, samt avgrensa aktivitet knytt til turisme, vurderer forvaltar den samla belastninga på økosystemet jf. nml. §10 til å vera akseptabel.

Køyring på landbruksvegen i barmarkssesongen fram til Hjølmo bru blir vurdert som den beste måten for å frakte naudsynt utstyr og materiale til stølshusa på. Transporten føregår på ein etablert veg på ca. 2 km. Køyringa og ferdselet vert på denne måten kanalisert til ein trase, og vert vurdert som miljøforsvarleg ferdsel jf. nml § 12. Den praksisen som har vore med at grunneigarane har nytt vegen til privat bruk, har ikkje ført til nemneverdig skade på verneverdiane. Det er ikkje veggtilkomst til Dyrdal, og tal køyretøy vil difor vera avgrensa til grunneigarane som har eigne køyretøy. Det er kome inn søknad frå 7 av 9 grunneigarane i Dyrdal og Styvi. Desse er alle rettshavarar til landbruksvegen. Forvaltar har vurdert søknadane samla, og innstiller på likt tal turar på vegen til alle grunneigarane som har søkt. Det vil variera kor mange turarar kvar enkelt har bruk for, og det er difor innstilt på inntil 30 turar pr. grunneigar.

Transporten er vurdert til ikkje å føre til miljøforringing, og nml. § 11 er difor ikkje vurdert i denne saka.

## Konklusjon

Køyringa på landbruksvegen vil ikkje føre til nemneverdig skade på naturverdiane, og vil ikkje vera i strid med verneføremålet. Forvaltar vurderer at vilkåra for å gje løyve til transport



## Nærøyfjorden verneområdestyre

---

etter § 48 i naturmangfaldslova er oppfylt. På bakgrunn av vurderingane etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8 – 12, meiner forvaltar løyve til motorisert ferdsel på landbruksvegen kan gjevast med heimel i verneforskrifta og naturmangfaldlova § 48 første ledd og første alternativ.



Arkivsaksnr: 2021/1938-0

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 01.02.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	14/21	08.02.2021

## Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernombord - landbruksveg Drægo - Hjølmo bru - motorferdsel

### Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev grunneigar Per Thunshelle, gnr. 69, bnr. 2, løyve til motorisert transport på landbruksvegen frå Tråni til Hjølmo bru i Dyrdal for åra 2021 – 2022 – 2023.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombord og naturmangfaldlova § 48 første ledd og første alternativ. Løyvet gjeld med følgjande vilkår:

- Transporten kan nyttast til naudsynt transport av utstyr, materiale, brensel og proviant til stølseigedomane på Hjølmo og Vassete.
- Løyvet gjeld og transport i samband med jaktutøving, grunneigarane sin bruk av stølsområda i samband med skjøtsel og tilsyn, næringsverksem og fritidsbruk.
- Løyvet gjeld for grunneigar og den som kører på vegne av grunneigar.
- Løyvet gjeld inntil 30 turar tur/retur i året. Det kan nyttast bil, traktor eller ATV til transporten.
- Under transport skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv.
- Det skal førast køyrebok som skal visast fram ved eventuelt oppsyn i området. Køyrebok skal førast før køyreturnen startar.
- Løyvet gjeld ikkje køyring på vinterføre. Dette må søkjast særskilt om både etter verneforskrifta og lov om motorferdsel i utmark.

### Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad om motorferdsel i verneområde – Per Thunshelle, datert 29.01.2021

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernombord av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009



## Nærøyfjorden verneområdestyre

- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden, rapport nr. 1-2008

Grunneigarane i Dyrdal har fått brev fra Nærøyfjorden verneområdestyre om at all motorferdsel på landbruksvegen i Dyrdal i Nærøyfjorden landskapsvernombordet er søknadspliktig. Dette gjeld ikke naudsynt motorferdsel i samband med landbruksdrift. Brevet vart sendt til grunneigarane 27. oktober 2020. Det vart informert om at søknadane kunne vera fleirårige. Søknadsfristen vart sett til 20. januar 2021.



Kartkopi fra Fylkesatlas som viser landbruksveg i Dyrdal innanfor landskapsvernombordet.

Den private vegen frå Drægo til Hjølmo bru er om lag 2 km, og fortset frå enden av den kommunale vegen frå Dyrdal til Drægo. Vegen er eig av 9 gardsbruk, sju i Dyrdal og to på Styvi. Vegen vart utbetra til køyreveg i 1990 av rettshavarane på vegen. Før utbetring var vegen ein gang- og kløvjeveg til stølane Hjølmo og Vassete. Stølsdrifta på desse stølane tok slutt på 1950-talet. Føremålet med utbetring av vegen var å gje lettare tilkomst til stølane for naudsynt vedlikehald på stølshusa. Det var i tillegg eit mål å kunne køyra turistar til Hjølmo for utleige av stølen, og for lettare tilgang til stølsområde for grunneigarane og besökjande.

Grunneigarane opplyser at vegen i dag vert nytta til transport og tilsyn av sauar på utmarksbeite, transport for tilsyn og vedlikehald av stølshusa på Hjølmo og Vassete, skjøtsel av stølsområde og stiar, jakt, fiske og fritidsbruk for grunneigarane med familiar. Siste åra har vegen blitt nytta til transport i samband med næringsaktivitet med utleige av stølshus og



jakt. I 2020 vart det i tillegg gitt dispensasjon til bruk av el-sykkel på vegen. Denne aktiviteten var i samband med guida turar til Breiskrednosi som eit reiselivsprodukt.

I verneplanprosessen vart ikkje bruken av denne landbruksvegen diskutert særskilt, og i verneforskrifta er det berre transport i samband med landbruksdrift som ikkje er søknadspliktig.

Grunneigar har sendt søknad om transport på landbruksvegen til følgjande føremål:

- Motorisert ferdsel på barmark på landbruksvegen frå Tråni til Hjølmo.
- Tidsrom: 01.03.2021 – 31.12.2023
- Køyretøy: Traktor og ATV
- Transportbehov: Transport av utstyr og materiale og proviant til stølane, vedlikehald av stølshus, materiale til bygging av bru, uttransport i samband med jakt.
- Samla tal turar for alle køyretøy pr. år: 30 turar.

## Lovgrunnlaget

Formålet i Nærøyfjorden landskapsvernombord er definert i verneforskrifta § 2: «*Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernombord er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter.*».

Det er eit generelt forbod mot motorisert ferdsel, lågtflyging under 300 meter og landing i Nærøyfjorden landskapsvernombord jf. verneforskrifta § 3 pkt. 2.1. Forbodet er ikkje til hinder for naudsynt motorferdsel i samband med landbruksdrift på landbruksvegar.

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, kan gje løyve til luft- og snøskutertransport av materiale til hytter, bruer m.v. og av brensel, utstyr og proviant til hytter og stølar jf. verneforskrifta § 3 pkt. 2.3. Det står ikkje noko i verneforskrifta om biltransport på landbruksvegar, utanom naudsynt motorferdsel i samband med landbruksdrift. Forvaltninga kan i særskilte høve vurdera om det er heimel til tiltak etter naturmangfaldlova § 48; «*Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtakets formål og ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdig...*». Begge vilkåra må vera oppfylt, både at det ikkje skal vere i strid med verneføremålet, og ikkje føre til nemneverdig skade på naturverdiane, for at det kan gjerast unntak etter naturmangfaldlova § 48.

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og vektlagt i saka.

## Vurdering

Frå Drægo til Hjølmo bru er det privat landbruksveg. Store delar av vegen, frå Tråna til Hjølmo bru, er i Nærøyfjorden landskapsvernombord. I landskapsvernombordet er all motorisert ferdsel i utgangspunktet forbode, med unntak av naudsynt motorferdsel i samband med landbruksdrift. Det er eit mål i forvaltningsplanen om å halde motorferdsel i



verneområdet på eit så lågt nivå som mogleg. Verneområdeforvaltninga er kjent med at det har vore motorisert ferdsel på landbruksvegen tidlegare og, utan at forvaltninga har reagert på dette. Det har vore lagt til grunn at transporten har vore i samband med skjøtsel og drift av stølseigedomane, og dette har blitt forvaltningspraksis på denne vegen. Søknadane som har kome inn viser til at vegen i tillegg har vore brukt av grunneigarane i Dyrdal til transport i samband med rekreasjon og jakt, og i næringssamanhang til utelege av jakt og overnatting på stølane.

Verneområdestyret skal vurdera om ferdsel på landbruksvegen kan vera i strid med verneverdiane og verneføremålet. Då vegen er ein privat landbruksveg, kan grunneigarane laga ytterlegare innstrammingar for å tilpassa køyring til standarden på vegen, og ynskt trafikk.

I dokumenta frå 1990 når vegen vart utbetra, og i søknadane frå grunneigarane, er det lagt til grunn eit ynskje om å bruka vegen både til landbruksdrift, skjøtsel og vedlikehald av stølane, og til fritidsbruk. I forvaltningsplanen for Nærøyfjordområdet er det ikkje skrive noko spesielt om bruken av denne landbruksvegen, men det vert trekt fram at det skal vera eit godt samarbeid med grunneigarane. For å kunne ta vare på kulturlandskapet med stølshus og stølslandskapet, er forvaltninga avhengig av eit godt samarbeid med grunneigarane, og at dei ynskjer å legge ned ein stor eigeninnsats i dette arbeidet. Dette er eit viktig grunnlag for å fylgja opp verneføremålet med å ta vare på landbruket sitt kulturlandskap. Forvaltar vurderer på denne bakgrunn at det er heimel for å vurdera å gje løyve etter naturmangfaldlova § 48 første ledd og første alternativ i denne saka.

Det har vore stilt spørsmål om motorferdselen som er praktisert på landbruksvegen kan reknast som landbruksdrift, sjølv om den ikkje er knytt til faktisk landbruksdrift på eigedomane. Nokon av grunneigarar har i søknaden tatt med ynskje om fri ferdsel på landbruksvegen. Slik forskrifa er utforma, kan det ikkje gjevast løyve til fri ferdsel. Styret ynskjer å diskutera motorferdsel på landbruksveg i revidert forvaltningsplan, og kan eventuelt vurdera å senda innspel til Miljødirektoratet om forskriftsendring. Det vil ta tid å få svar på om det er aktuelt å endre verneforskrifta. Inntil dette er avklart, må styret handsama søknadar frå kvart enkelt grunneigar om motorferdselen det vert søkt om.

Det er laga skjøtselsplan for Dyrdal og Hjølmo, og området er godt kartlagt i samband med forvaltningsplanarbeidet. I tillegg er forvaltninga godt kjent med området gjennom kontakt med grunneigarar og mange synfaringar i området. Det er ikkje registrert sårbare naturtypar eller sårbare artar langs vegstrekninga som vert direkte påverka av motorferdsel på vegen (Naturbase 25.01.2021). Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt i denne saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje tillagt vekt i saka.

Det må vurderast kva verknad tiltaket vil få på den samla belastninga på økosystemet jf. nml. § 10. Køyringa vil føregå på ein etablert landbruksveg, og vil ikkje føre til direkte skade på naturmangfaldet. Det vil kunne vere ulempe for dyreliv knytt til støy og forstyrring, men så lenge køyringa blir avgrensa til å gjelde grunneigarane, og til bestemte føremål, er ikkje dette vurdert til å vere eit stort problem. Det vil truleg ikkje vera mange køyretøy i Dyrdal utanom grunneigarane sine køyretøy, då det ikkje er vegtilkomst til Dyrdal, og køyretøy må koma med ferje til kaien i Dyrdal. Landbruksvegen har i lang tid vore nytta av grunneigarane som har stølseigedom i området. Denne aktiviteten er av stor verdi for at kulturlandskapet, som er ein vesentleg del av verneføremålet, skal bli tatt vare på.



Ein del av den motoriserte ferdselet er knytt til næringsverksem i form av utleige av stølshus til overnatting, og utleige av jakt. I tillegg er det ynskje om å nyta el-sykkel på landbruksvegen. I forvaltningsplan er berekraftig småskala reiseliv omtalt som positiv næringsutvikling i verneområdet og verdsarvområdet. Aktiviteten må leggjast til rette i tråd med verneforskrift og andre forskrifter. Auka motorisert ferdsel knytt til turistnæring kan føra til auka belasting med støy og uro i landskapsvernombrådet. Dersom den samla belastninga av motorferdsel vert for stor i området, kan ferdselet vera i strid med verneføremålet. Transport i samband med reiselivet bør difor avgrensast til naudsynt transport av proviant og utstyr.

Eit anna moment som vert trekt fram av grunneigarane, er at grunneigarane som har lagt ned ein stor innsats for å ta vare på kulturlandskap og stølshus i området, no er eldre og fleire er i dårlegare fysisk form. Det er eit stor ynskje at dei kan få køyre med bil på vegen for lettare å koma seg til Hjølmo, og framleis få glede av friluftslivet på stølane. Det er rimeleg at den etablerte vegen kan nyttast av eldre og rørslehemma som har sterkt tilknyting til stølsområdet, og som må nyta motorisert køyretøy for å koma seg til stølen. Dette er også i tråd med nasjonale føringer om å legge til rette for fysisk aktivitet som tiltak for betre folkehelse. Dette bør vektleggjast i verneområde og, dersom dette ikkje går utover verneverdiane og verneføremålet.

I tilsvarande landskapsvernombåde med nyare verneforskrifter, har det vore ei utvikling med meir tilpassing av motorferdsel til dagens bruk av motoriserte køyretøy. I Høydalen landskapsvernombåde i Breheimen er motorferdsel på eksisterande bilveg i området lovleg, og ikkje søknadspliktig. Det er naturleg å sjå på verneregler i tilsvarande område for å vurdera kva som kan vera akseptabelt å gje dispensasjon til. Det er berre i Dyrdal det var ein etablert privat bilveg i Nærøyfjorden landskapsvernombåde før området vart verna. Denne saka vil difor ikkje gje presedens for tilsvarande saker andre stader i verneområdet. Ved å avgrensa den motoriserte ferdsla til grunneigarane sin tradisjonelle bruk av landbruksvegen, samt avgrensa aktivitet knytt til turisme, vurderer forvaltar den samla belastninga på økosystemet jf. nml. §10 til å vera akseptabel.

Køyring på landbruksvegen i barmarkssesongen fram til Hjølmo bru blir vurdert som den beste måten for å frakte naudsynt utstyr og materiale til stølshusa på. Transporten føregår på ein etablert veg på ca. 2 km. Køyringa og ferdselet vert på denne måten kanalisert til ein trase, og vert vurdert som miljøforsvarleg ferdsel jf. nml § 12. Den praksisen som har vore med at grunneigarane har nytt vegen til privat bruk, har ikkje ført til nemneverdig skade på verneverdiane. Det er ikkje veggtilkomst til Dyrdal, og tal køyretøy vil difor vera avgrensa til grunneigarane som har eigne køyretøy. Det er kome inn søknad frå 7 av 9 grunneigarane i Dyrdal og Styvi. Desse er alle rettshavarar til landbruksvegen. Forvaltar har vurdert søknadane samla, og innstiller på likt tal turar på vegen til alle grunneigarane som har søkt. Det vil variera kor mange turarar kvar enkelt har bruk for, og det er difor innstilt på inntil 30 turar pr. grunneigar.

Transporten er vurdert til ikkje å føre til miljøforringing, og nml. § 11 er difor ikkje vurdert i denne saka.

## Konklusjon

Køyringa på landbruksvegen vil ikkje føre til nemneverdig skade på naturverdiane, og vil ikkje vera i strid med verneføremålet. Forvaltar vurderer at vilkåra for å gje løyve til transport



etter § 48 i naturmangfaldslova er oppfylt. På bakgrunn av vurderingane etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8 – 12, meiner forvaltar løyve til motorisert ferdsel på landbruksvegen kan gjevast med heimel i verneforskrifta og naturmangfaldlova § 48 første ledd og første alternativ.



Arkivsaksnr: 2020/17395-0

Sakshandsamar: Jorunn Vallestad

Dato: 01.02.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	15/21	08.02.2021

## Nærøyfjorden verneområdestyre - prioritering av tiltak og bruk av tiltaksmidler 2021

### Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre prioritærer tiltak og tiltaksmidlar for 2020 etter fylgjande tiltaksplan:

### Forslag til revidert tiltaksplan 2021

Kort omtale av tiltak	Omsøkt	Revidert budsjett
<b>Skjøtsel av kulturlandskap</b>		
Styvi-Holmo	280 000	280 000
Stigen	90 000	90 000
Stalheimskleiva	100 000	70 000
Øvste Stigen - Åsen	20 000	10 000
Stokko	60 000	50 000
Fronnes, slå bregner +område C med kulturminne	30 000	15 000
Skogane	15 000	15 000
Hjølmo	5 000	5 000
Nedbergo	30 000	20 000
Rydde beite ved Brekkestien	10 000	-
Restaurering av styringstre ved postvegen Bleiklindi	30 000	10 000



## Nærøyfjorden verneområdestyre

Fjerning av metall og gjerde frå Styvi, Dyrdal, Skogane	35 000	35 000
Delfinansiering av båt til frakt av sau på Styvi. Inntil 15% av dokumentert pris eks.mva.	54 000	20 000
Jeiskali	20 000	10 000
Garbog	2 000	-
Heimstali	7 500	-
<b>Skjøtsel og tilrettelegging av stølsvegar og stiar</b>		
Sti Dyrdal - Salthella - Skogane - Dyrdal	10 000	10 000
Sti Styvisdalen, Handadalen og Jeiskali	20 000	10 000
Gamlevegen i Dyrdal	3 000	3 000
Grøfter gamle bakkaveg	10 000	10 000
Rimstigen	8 000	8 000
Stiar Fresik	10 000	5 000
Postvegen Bleiklindi-Styvi	25 000	-
Murar, sti til Stigen	20 000	-
Hovdungo, restaurering av sti	20 000	20 000
Sti Fossbakkleiva - Vassete - Breidskrednosi-Rimstigen	125 000	59 000
Sti til Frondalen	10 000	-
Restaurering støttemur på sti i Nordhemsdalens	20 000	20 000
<b>Tilrettelegging, informasjonstiltak</b>		
Kongevegmarsjen/åpen dag på Styvi juni 2021.	10 000	10 000
Skilt og infrastruktur på innfallsportar	100 000	70 000
Forprosjekt kultursti langs postvegen, prosjektutvikling, tekst og layout	20 000	-
Namneskilt langs stien til Skogane	5 000	5 000
Informasjonskampanje - byggeskikk og søknadsplikt	60 000	40 000
	1 264 500	900 000

Forvaltarane kan i samråd med styreleiar fordele tiltaksmidlane mellom prioriterte tiltak innanfor budsjettetramma.



## Saksopplysningar

Nærøyfjorden verneområdestyre behandla tiltaksplan for 2020 i sak 53/20, 01.12.2020. Det vart på bakgrunn av dette sendt søknad til Miljødirektoratet om **kr. 1 264 502** i tiltaksmidlar.

Miljødirektoratet har handsama søknaden og tildelt **kr. 900 000** i tiltaksmidlar for 2021. Styret må derfor godkjenne eit revidert budsjett der ein kuttar 364 502 kr. Midlane som er tildelt i år er 100 000 meir enn styret fekk tildelt som ordinære tiltaksmidlar i 2020.

Det overordna målet for bruk av tiltaksmidlane er at naturtilstanden i verneområda vert oppretthalde og betra, og å ynske folk velkommen inn for gode naturopplevingar. Tiltak som direkte bidreg til å motverke negative påverknadsfaktorar bør prioriterast. Dei største negative påverknadsfaktorane på verneområde på nasjonalt nivå er gjengroing, framande artar, forstyrring av dyrelivet, tekniske inngrep og slitasje på vegetasjon. Vidareføring av allereie igangsett skjøtsel og vedlikehald av eksisterande tilrettelegging bør prioriterast over oppstart av nye tiltak. Alle tiltak skal vere i tråd med godkjent forvaltnings- eller skjøtselsplan, besøksstrategi eller andre relevante styringsdokument.

Dokument som bakgrunn for saka:

- Midlar til forvaltning av verneområde 2021. Miljødirektoratet, Elektronisk søknadssenter.
- Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder, 2020-2025, *Miljødirektoratet*
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden. Rapport nr. 1-2008

## Vurdering

Verneområdeforvaltar foreslår at skjøtselstiltak der ein tidlegare år har hatt avtale med grunneigarar eller grendalag om gjennomføring, som hovudregel blir vidareført på same nivå som føregåande år. Kutt blir i hovudsak foreslått for nye tiltak og tiltak der det er planlagt brukt innleigd arbeidskraft.

Forvaltar foreslår å kutte på følgande postar:

- Redusere delfinansiering av ny båt på Styvi på bakgrunn av diskusjonane i styremøtet i desember, der dette tiltaket vart plassert langt ned på prioriteringsslista.
- Kutte midlar til skjøtsel av slåtteteigane Garbog og Heimstali, og halvere midlane til Jeiskali. Desse slåtteteigane vart satt nedst på prioriteringsslista over skjøtselstiltak i møtet i desember.
- Redusere midlane til restaurering av styringstre langs postvegen. Dette er eit nytt prosjekt som må lysast ut, og vi kan velje å restaurere færre tre.
- Redusere midlane til skjøtsel i Stalheimskleiva, sidan det foreløpig er usikkert nøyaktig korleis desse midlane skal nyttast, og det vil vere lite ettervekst etter hogsten første år.
- Redusere midlane til skjøtsel på Nedbergo, Stokko og Fronnes. I desse områda vart det i 2020 brukt innleigd arbeidskraft.
- Kutte midlane til rydding på stølen Åsen, og dermed halvere potten til Øvste Stigen – Åsen. Dette er midlar som også låg inne i budsjettet i fjor, men som grunneigar ikkje fekk tid til å gjennomføre.



- Kutte midlane til rydding av beite ved Brekkestien, som er eit nytt tiltak av året.
- Redusere midlane til stiar i Styvisdalen, Handadalen og Jeiskali. Desse stiane er ikkje prioritert i besøksstrategien, og vi kom bere så vidt i gang med arbeidet i fjar.
- Kutte midlane til vedlikehald av postvegen. Det står att midlar frå føregåande år som kan brukast.
- Kutte midlane til utbetring av murar på stien til Stigen. Dette er ikkje eit akutt tiltak, og det er litt usikkert om grunneigar har kapasitet til å gjere arbeidet i år.
- Redusere midlane til stiar i Fresvik. Grendalaget der brukar ofte mindre midlar enn budsjettert.
- Kutte midlane til sti i Frondalen. Grunneigar fekk midlar til arbeid på stien i fjar, men det er ikkje gjort nokon avtale for 2021, og usikkert om grunneigar har tid. Det kan vere hensiktsmessig å heller budsjettere med meir midlar eit anna år.
- Kutte midlar til forprosjekt for kultursti langs postvegen, og i staden bruke tida på å samarbeide med Nærøyfjorden Verdsarvpark om andre informasjonsskilt. Det vil også vere mogleg å starte planlegging av kultursti utan å bruke midlar på det i år.
- Redusere potten til arbeid på stien Fossbakkkleiva - Vassete – Breidskrednosi - Rimstigen, der det var tenkt å bruke Stibyggeren med sherpaer til arbeidet. Sånn som smittesituasjonen ser ut, er det usikkert om sherpaene kjem i år. Steinlegging av stien langs Vassete-vatnet er det mogleg at også kan gjennomførast av andre, og vi foreslår derfor å behalde ein del av potten og prioritere den delen av arbeidet.
- Redusere midlane til informasjonskampanje om byggeskikk og søknadsplikt. Denne vil (til ein viss grad) vere mogleg å skalere etter tilgjengelege midlar.
- Redusere midlar til skilt og infrastruktur på innfallsportar. Dette er tiltak som foreløpig ikkje er konkretisert, og det er usikkert kor stort behovet vil vere.

Det vil bli inngått avtale med grunneigarar om skjøtsel i landskapsvernombrådet i tråd med vedtatt budsjett og godkjente skjøtselsplanar. Forvaltar gjer avtale med grunneigarar om kva arbeid som skal utførast, og SNO fylgjer opp skjøtselsarbeidet i felt. I tillegg vil det bli lyst ut skjøtselsarbeid som grunneigarar og SNO ikkje har kapasitet til å gjere.

På bakgrunn av erfaring med tiltak tidlegare år, kan det bli endringar på kva tiltak som blir gjennomført og kostnadane med tiltaka. Forvaltar vil ved behov gjennom året oppdatere styret om status, men rår til at forvaltar i samråd med styreleiar kan fordela tiltaksmidlane mellom prioriterte tiltak og innanfor budsjettramma.



Arkivsaksnr: 2021/2141-0

Sakshandsamar: Jorunn Vallestad

Dato: 03.02.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	16/21	08.02.2021

## **Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernombord - Bakkavegen - Fetagata - Massedeponi - Vestland fylkeskommune**

### **Innstilling frå forvaltar**

Vestland fylkeskommune får løyve til å deponere rasmassar frå vegen mellom Gudvangen og bakka i eit massedeponi langs Bakkavegen, som vist i kart i denne saka.

Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombord, § 3 punkt 1.3 e) og gjeld med følgjande vilkår:

- Det skal berre deponerast rasmasse frå område i tilknyting til vegen mellom Gudvangen og Bakka.
- Mengden masse skal avgrensast til det som er naudsynt for å gjere nødvendige utbetringar på vegen.
- Området skal haldast ryddig og massen skal jamnast ut etter kvart som den blir deponert, slik at det ikkje blir liggande store steinhaugar langs vegen.
- Det skal behaldast eit så bredt skogbelte som mogleg mot fjorden for å minske synlegheten av inngrepet frå fjorden, minst 10-15 meter.
- Nedste kant av fyllinga skal ha ei ujamn linje og fylge terrenget, slik at det ser mest mogleg naturleg ut.
- Eksisterande toppmassar/jordmassar skal lagrast og nyttast som toppdekke når arbeidet er sluttført.
- Etter at anleggsarbeidet er avslutta skal området ryddast og revegeterast.
- Arbeidet skal vere avslutta innan utgangen av 2026. Verneområdeforvaltar skal vere med på oppstart av arbeidet og sluttsynfaring. Verneområdestyret kan, etter samråd med tiltakshavar, gje nye pålegg til gjennomføring av planen dersom det under synfaring viser seg naudsynt av omsyn til landskapskvalitetane.



## Saksopplysningar

I samband med skredhendingar i Gudvangen/Bakka-området ynskjer Vestland fylkeskommune å etablere massedeponi for skredmassar ved Bakkavegen, Fv. 5623. Denne delen av vegen går gjennom Nærøyfjorden landskapsvernombordet. Massedeponiet er tenkt etablert på nedsida av fylkesvegen ved hp1 3592m, sjå teikning under. Det vil vere behov for skogrydding der massedeponiet skal etablerast, men skogen nedst mot fjorden vil bli ståande som i dag.

Det vil vere behov for å nytte gravemaskin for tilkomst til nedre del av området, der det må lagast ein voll av stadlege massar, slik at skredmassane blir liggane og ikkje sig ned mot fjorden. Over fleire år vil ein fylle opp magasinet med skredmasse. Når fyllinga er ferdig etablert og arbeidet fullført vil skrånningar bli pynta til, vegen utvida og det vil bli vurdert behov for rekkverk.

Arbeidet vil bli utført som tilsvarende massedeponi i Russeviki, langs den same vegen. Kor mange år det vil ta før arbeidet er ferdig avheng av kor mykje skredmassar som kjem.

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Vestland fylkeskommune, datert 01.02.2021.

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernombordet av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden, rapport nr. 1 - 2008



## Nærøyfjorden verneområdestyre



Bilde 1: Plassering av det nye massedeponiet



Bilde 2: Utforming av det nye massedeponiet.

## Lovgrunnlaget

Formålet i Nærøyfjorden landskapsvernombord er definert i verneforskrifta § 2: «*Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernombord er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beiteområde, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter».*



Nærøyfjorden landskapsvernombordet er «verna mot alle inngrep eller tiltak som kan verke inn på landskapets art eller karakter» jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.1. Dette gjeld t.d. «...bygging av vegar,...masseuttag, utfylling, planering og lagring av masse...» (jf. § 3 punkt 1.1. a)).

Verneområdestyret kan gje løkke til «*Utbetring og rassikring av vegen mellom Gudvangen og Bakka...*» jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.3 e).

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Vurdering

Det går stadig ras langs Bakkavegen, med påfylgjande behov for å reinske grøfter og deponere rasmassar. I utgangspunktet er deponering av rasmassar eit stort inngrep som bør skje utanfor landskapsvernombordet. I dette tilfellet kan det derimot vere fornuftig å deponere massane der det er omsøkt, fordi rasmassane kan brukast til å utbetre vegen.

Bakkavegen er smal, og i svingen der det er søkt om å deponere massar hallar vegen litt nedover mot fjorden. Ved å bygge opp denne fyllinga med rasmassar er det mogleg å rette opp vegen og gjere svingen beinare. For dei som bur på bakka, samt dei mange besøkande, er det viktig med ein tryggare veg. I verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombordet er det eit eige punkt om at forvaltningsstyresmakta kan gje løkke til «utbetring og rassikring av vegen mellom Gudvangen og bakka og vegen til Jordalen.»



Bilde 3: Vegen der det er planlagt massedeponi og utbetring. Foto Anbjørg Nornes

Eit tilsvarande tiltak har blitt gjennomført i Russeviki, litt lenger innover vegen i retning Gudvangen. Der vart rasmasse deponert frå 2009 til 2018, då prosjektet vart slutført. Resultatet til slutt vart bra, med god tilpassing til landskapet, samtidig som vegen vart utbetra. Ved arbeidet i Russeviki var det eit problem med at rasmassen vart liggande i store haugar over lengre tid før fyllingen vart jamna ut, noko som var skjemmande for landskapet. For å unngå dette blir det i denne saka stilt vilkår om at rasmassane skal jamnast ut etter kvart som dei blir deponert.

Det er ikkje registrert nokon trua artar eller naturtypar akkurat der rasmassane skal deponerast. Elles er rasmarkene langs Bakkavegen viktige leveområde for fleire trua sommarfuglartar. Det er i hovudsak skog der deponiet skal lagast, og det er ikkje sannsynleg at det vil påverke leveområdet til dei trua sommarfuglane nemneverdig. Kunnskapsgrunnlaget er vurdert som godt for å vurdera denne saka, jf. nml § 8. Føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje veklagt i saka.

Landskapet i Nærøyfjordområdet er prega av aktive geologiske prosessar med rasmarker og rasvifter. Naturlege skred og dei livsmiljø som dei skapar er viktige for landskap og artar, og



er eit av føremåla med vern av Nærøyfjorden landskapsvernombordet. Dette er i tillegg ein av dei viktigaste kriteria for innskriving på UNESCO si verdsarvliste for naturområde. For eksisterande vegar er omsynet til tryggleiken vektlagt i vernereglane. Det er god tilgang på urørte naturlege skredløp i området, og tiltak på eksisterande vegar vil i mindre grad auke den samla belastninga på økosystemet jf. nml. § 10. I anleggsperioden vil inngrepet kunne vere synleg frå fjorden, men skogen som veks mellom vegen og fjorden vil dempe innsynet frå fjorden. Ved å dekke fyllingen med stadeigen masse etter at arbeidet er sluttført vil naturleg, stadeigen vegetasjon komme tilbake igjen. Forvaltar vurderer planane som bra tilpassa miljøet, jf. nml. § 12. Tiltaket vil lite truleg føre til skade på naturmangfaldet, og nml. § 11 er difor ikkje vurdert i denne saka.

I søknaden frå fylkeskommunen er det ikkje sett ein sluttdato for tiltaket. Tiltaket bør gjennomførast så raskt det er mogleg med tilgjengelege rasmassar slik at området ikkje vert eit anleggsområde i lang tid. Forvaltar har difor i innstillinga sett frist til 2026 med å ferdigstille arbeidet.

På bakgrunn av vurderingar etter naturmangfaldlova §§ 8 – 12, og verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombord, rår forvaltar til at Vestland fylkeskommune får løyve til å deponere massar i ønska område, i den utstrekning som skal til for å gjere nødvendige utbetringar på vegen.